

# RAPPORT

## Kvernes stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



## Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	5
Kledning	5
Takstein og gradrenner	6
Kyrkjekunst	6
Samandrag	7
Litteratur og kjelder	9
Kronologisk arbeidsprosess	9

### **Kvernes stavkyrkje**

Dokumentasjon av  
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
[www.ra.no](http://www.ra.no)

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med  
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med  
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til  
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale  
kan medføre erstatningskrav og inndraging  
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Jiri Havran, Riksantikvaren

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.





**Stavkyrkjeprogrammet:** Kyrkja under istandsettinga. Foto: Arild Bjarkø, Riksantikvaren.

# Kvernes stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Kvernes stavkyrkje er ei av dei yngste i landet og vart truleg bygd rundt år 1300. I likskap med Rødven har også Kvernes utvendige skråstøtter, skorder, som støttar opp langveggane. Desse kyrkjene vert kalla "Møretypen", og karakteriserast av lange veggjar med fleire stavar. Kyrkja har vore gjennom

fleire reparasjonar og ombyggingar, og i 1633 vart det stavbygde koret rive, og eit nytt kor vart lafta opp i kyrkja si fulle breidde. Utover dette vart det bygd ein funt - eit dåpskor, og kyrkja fekk innvendig dekorasjonsmåling, vindauge og kyrkjestolar.

## TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Det vart påvist røteskader sporadisk i kledninga rundt heile kyrkja. Røteskadane var særskilt kraftige på kvar side av koret, opp mot gradrennene i veggjen til skipet. Mykje av kledninga var av dårleg utvald virke av gran.

Gradrennene mellom kor og skip var i seg sjølv svært røteskadde og det var fukt bak kledninga og i beten.<sup>1</sup> I tillegg var vestsida av våpenhuset kraftig røteskadd då denne er svert vêrutsett. Kledninga her er heldigvis godt utfora slik at den lafta veggjen på innsida er verna mot dei kraftigaste vêrpåkjeningane. Utover desse skadane var det fleire mindre punkt i kledninga som var prega av fuktskade. Ved synfaring vart det påvist ein del større røteskader i boksane som var sett som støtter på innsida, opp mot toppen, av takryttaren.<sup>2</sup>





**Røteskade:** Vestsida av våpenhuset var sterkt røteskadd, med laft på innsida. Foto: Arild Bjarkø, Riksantikvaren

I tillegg vart det dokumentert at fleire av skordene var røtna nedst. Desse skordene er kreosotimpregnerte og truleg sett opp for om lag 80-90 år sidan. Skordene er om lag 8-9 meter lange, med ein diameter omkring 30 centimeter.<sup>3</sup>

### VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

Då det ved synfaring vart oppdaga fukt i tårnet, vart dette overvaka for å fortløpande kunne vurdere om det ville vere naudsynt med tiltak. Det vart etablert 8 målepunkt øvst i tårnet.<sup>4</sup> Det vart gjennomført fuktmålingar i tårnet til stavkyrkja frå januar til juni i

2007. Vinterverdiane viste myke fukt i tårnet etter ein uvanleg fuktig haust og vinter, men i løpet av april tørka den øvste delen ut. Lekkasjeomfanget var påverka av at det var fleire år sidan siste tjærebreiing og at denne raskt vert slitt av. Det store og luftige loftsrommet er truleg til hjelp for å tørke ut regnvatnet etterkvart som det lek inn, før fukt skadar himlinga i kyrkjerommet. Auka fukt i øvre delar av tårnet ved varmare vår tydde på innestengd fuktig luft som kondenserar opp i tårnet. Ny tjærebreiing utan utbetring kunne forverre denne tilstanden. Ei istandsetting var før eller sidan naudsynt, og då med ei

løysing der det øvst i tårnspissen kunne lagast evakueringsmoglegheit for fukt/kondens. Tanken med eit tiltak ville vere å førebyggje større skader og dermed bevare mest mogleg av det opphavlege materialet.<sup>5</sup>

### KLEDNING

Då det ved synfaring vart påvist røteskader fleire stader i kledninga på kyrkja, var det naudsynt med tiltak for å utbetre situasjonen før fuktproblema spreidde seg til den indre konstruksjonen. Stiftinga Geitbåtmuseet fekk i 2015 i oppdrag av Riksantikvaren å setje i stand kledninga på stavkyrkja. Det var viktig å få tak i godt virke til kledning. Ved gjennomføringa av tiltaket var det ein tydeleg fellesnemnar for samtlege av dei røteskadde kledningsborda at dei var særst blåute på baksida. Der det var mindre skader i kledninga vart desse spunsar. Det vart gjennomført om lag 12 mindre spunsar i kledninga til kyrkja.



**Kyrkjerommet:** Skipet med midtmast og limfargedekor Foto: Jiri Havran, Riksantikvaren

### TAKSTEIN OG GRADRENNER

Det var naudsynt å leige lift og systemstillas for å gjennomføre arbeidet med taket og tårnet på kyrkja. I 1991 vart taket lagt om med ny tro, papp, lekter og ny stein på nordsida, men ved synfaring vart det funne ein del knust takstein som vart skift gjennom stavkyrkjeprogrammet. Nytt blybeslag vart lagt under tårnfoten og oppover langs veggen i tårnet. Blybeslaga som ligg under mønekammen på kyrkja vart retta og banka på plass. Samstundes vart gradrennene på kyrkja utbetra der dette var naudsynt.

### KYRKJEKUNST

I perioden 8. mars til 10. mars 2011 vart det utført ein tilstandsvurdering i Kvernes stavkyrkje og det vart påvist eit behov for utbetring av kyrkjedekoren.

I juni 2011 vart epitafet i koret, to våpenskjold frå korskiljet, våpenskjoldet ved preikestolen og ein lysestake teke ned og transportert til NIKU sitt konserveringsatelier i Oslo. På grunn av storleiken på epitafet måtte dette demonterast i 15 delar før transporten. Behandlinga av epitafet vart gjennomført i perioden desember 2011 til mai 2012. Dei øvrige gjenstandane vart

behandla i perioden juli 2011 til desember 2011. Utover arbeidet med enkelte gjenstandar vart det gjennomført behandling av både kyrkjedekoren, samt altertavla i kyrkja. Altertavla er datert til 1695 og i 2011 og 2012 vart den reinsa og konsolidert. Likeeins vart kongemonogrammet i korskiljet og fire utskorne drueklasar i skipet konsolidert. Ved synfaring var delar av limfargedekoren i kyrkja svert øydelagd, mellom anna grunna vasslekkasjar. I 2011 vart det utført arbeid med konservering av døra i koret, samt sydveggen bak trappeløpet. Veggdekoren i koret er måla i 1630-åra og i 2012 vart det meste av arbeidet med å konsolidere limfargedekoren i



himlinga og på veggane i koret gjennomført. Limfargedekoren i skipet og dåpshuset til kyrkja vart konsolidert slik at arbeidet med interiøret vart avslutta i 2013. Detaljert beskriving av arbeidet med kyrkjekunsten kan lesast i rapportar for dei enkelte arbeida.<sup>6</sup>

## SAMANDRAG

Kvernes stavkyrkje kan vere ei av landets yngste stavkyrkjer med ei datering til omkring 1300. Kyrkja er av den såkalla «møretypen», som pregast av ein særeigen type konstruksjon. Både skipet og koret er att av den opphavlege kyrkja. Koret er lafta i same breidde som skipet. Kvernes ligg vêrutsett, så gjennom stavkyrkjeprogrammet vart fleire mindre parti av den ytre kledninga på kyrkja bytt og spunsa i 2015. Skordene på kyrkja vart reparert og nye blybeslag montert ved takryttar, mønekjøl og i kilrenner. I tillegg vart øydelagd stein på taket skift. I 2011-2013 vart inventaret i kyrkja behandla. Veggjar i skip og dåpshus, samt kongemonogrammet på korskiljet og døra mot syd i koret vart konsolidert og sett i stand. Altertavla frå sein mellomalder og epitafet frå 1671 vart konservert.

## LITTERATUR OG KJELDER

### LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske staokirkene*. Oslo, AFRO 2005.

### RAPPORTAR

Andersen, Elistabeth. *Kvernes staokirke. Konservering av epitafiet i koret, tre våpenskjold og en lysestake*, 2012.

Avset, Alf Oddvar. *Fuktmålinger i tårnet i staokirka, jan-jun 07, 2007*.

Bjarkø, Arild. *Sluttrapport Kvernes Staokyrkje, Høst 2015*, 2015.

Olstad, Tone M. *Kvernes staokirke. Avsluttende arbeider i interiøret*, 2013.

Olstad, Tone M. *Kvernes staokirke. Undersøkelse og behandling av interiør og inventar i kirkerommet*, 2011.

Olstad, Tone M. *Konserveringsarbeid i Kvernes staokirke sommeren 2012*, 2012

Olstad, Tone M. *Kvernes staokirke. Vurdering og forslag til behandling av interiør og inventar*, 2011

Stein, Mille. *Kvernes staokirke, Tilstandsregistrering av kunst og inventar*, 2011

Ørnhøi, Anne Apalnes. *Kvernes staokirke. Konservering av epitafiet i koret. Forprosjekt*, 2011

**Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.**

## FOTNOTAR

<sup>1</sup> Bjarkø, Arild. *Sluttrapport Kvernes Stavkyrkje, Høst 2015*, 2015.

<sup>2</sup> Bjarkø, Arild. *Sluttrapport Kvernes Stavkyrkje, Høst 2015*, 2015.

<sup>3</sup> Bjarkø, Arild. *Sluttrapport Kvernes Stavkyrkje, Høst 2015*, 2015.

<sup>4</sup> Avset, Alf Oddvar. *Fuktmålinger i tårnet i staokirka, jan-jun 07*, 2007.

<sup>5</sup> Avset, Alf Oddvar. *Fuktmålinger i tårnet i staokirka, jan-jun 07*, 2007.

<sup>6</sup> Olstad, Tone M. *Kvernes staokirke. Avsluttende arbeider i interiøret*, 2013.

